

Rune Lien.

### Kommunalt vatn til øyane Spjotøy, Dragøy og Brakøy.

Vi syner til brev frå dykk, datert 20.11.2018, om initiativ for kommunalt drikkevatt til ovannemde øyar. Som utgangspunkt er prosjektet ikkje tilpassa modellen kommunen har for tilskotsanlegg, bl a pga høge kostnader, og for få abonnentar.

Vi er einige i vurderinga dykkar for tracè for rør i sjøen, og at leidningsnettlet går over land frå Spjotøy. Førespurdanden dykkar om kommunen kan byggja og kosta den ca 2 km lange sjøleidningen med landtaks-installasjonar, har vi sett på og kostnadsrekna med erfaringstal. Vår vurdering er at kostnaden vert høg i høve antal abonnentar, og slik ikkje kan «forsvarast» ut frå ei økonomisk side. Dette, saman med at prosjektet ikkje ligg inne i gjeldande kommunedelplan for vatn, gjer det vanskeleg å gje positivt svar på førespurdanden. I tilfelle må det lagast ei politisk sak av prosjektet, med kostnadstal, antal abonnentar som forpliktar seg tilknytning, osv.

Vårt råd er at det vert laga plan for eit noko enklare prosjekt med ein noko mindre dimensjonert sjøleidning, og eit enkelt trykkaukingsanlegg på Spjotøy, før fordelingsleidningane vert ført vidare. Dette kan, etter søknad byggjast-og kostast som eit privat anlegg, og som kommunen ikkje overtek.

Vårt økonomiske grunnlag for kommunal sjøleidning:

Ca 2 km sjøleidning, dimm: 110 mm Pe-100 med belastning: a 750 kr/m	kr	1,5 mill
2 stk landtakskummer med ventilar, vassmålar, og l a 100.000,-	«	0,2 «
Div kostnader .....	«	0,05 «
Sum, .....	kr	<u>1,75 mill</u>

Tilkn gebyr, 15 eiged. a 12.600,-= 190.000,- som vert trekt frå investeringa.

Årsgebyr: 2.974 - 15 = 44.610 kr/år . (Inntekter Lk)

Kapitalutg: for Lk: 1,6 mill (20 års avsk-3% rente) = ca 120.000,-kr/år.

Teknisk Drift, 10.des-2018. Arne Helgesen.